



VASSET

BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2023-2024



Velkommen til

VASSET

BARNEHAGE



PERSONALET

STYRAR

Marianne Nilsen 100%
Kontortid 2 dagar i veka
og 3 dagar på avdeling

PEDAGOGISK LEIAR

Hanne Rønning 50 %
Annette Vadseth 90%

FAGARBEIDAR

Elisabeth Olsvik Larsen 100%
Silje Stokke 70%

ASSISTENT

Shirin Shikhmos 80%

REINHALDAR

Fidan Arous

Du sit no med del 3 av årsplanen. Denne planen inneheld informasjon om barnehagen sitt innhald, sine arbeidsmetodar og målsettingar for året. Den er utarbeidd av personalet og tilpassa den lokale rammeplanen for barnehagar i Sula kommune. For meir utfyllande informasjon, sjå årsplan del 1 som er eit informasjonshefte "A-Å" og del 2, som er generell informasjon om barnehagen og inneheld mellom anna ein presentasjon av den pedagogiske plattformen vår.

OM OSS

Vasset barnehage er ein liten barnehage med 28 plassar for barn mellom 0-6 år. Små tilhøve slik dei er hos oss, gir oss god tid til å verte godt kjende med kvarandre. Når gode relasjonar er på plass, er vegen til meistring, utforsking og skaparglede kort.

BARNEGRUPPA DETTE BARNEHAGEÅRET


Alderssamansetninga i barnehagen endrar seg kvart år. Dette barnehageåret har vi ei stor småbarnsgruppe og ei «ung» storbarnsgruppe. Vi må til ei kvar tid tilpasse metodikken til den barnegruppa vi har. Dei yngste barna kallar vi Nurketassar og dei over tre år tilhøyrar Storbarnsgjengen. Vi vil dele i mindre grupper kva dag utifrå alder, modning og interesser.

VÅR VISJON:

«Rom for alle,
blikk for den enkelte»



VERDIPLATTFORM FOR VASSET BARNEHAGE





SKOGEN FOR SMÅFOLK

Velkomen til nytt barnehageår og til skogen for småfolk. Dette er det gjennomgåande temæt vi skal jobbe med på ulike måtar dette året.

PEDAGOGISK TANKE

Vi har 7 undertema som vi skal innom. Nokre vil bli vevd inni den faste rytma vår for veka, som t.d. tur i nærområdet, medan andre tema jobbar vi meir prosjektbasert med. Eit prosjekt kan strekke seg over kortare eller lengre tid. Barna sin medverknad er ein viktig faktor i planleggings- og vurderingsarbeidet vårt, og det kan påverke kor lenge og kor djupt vi går inni eit prosjekt. I rammeplan står det: «barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen». Vi vel å lage ei ramme og ei retning for kva vi skal jobbe med, men lar vegen blir til medan vi går- samen med barna.



NATUREN SOM
SPISKAMMERS



KLIMA OG
BEREKRAFTIG
UTVIKLING



PSYKISK
HELSE



KREATIVE
UTTRYKK



TUR I SKOG
OG MARK
MOTO-LEIK



EVENTYR I
NATUREN

MUSIKK
I SKOGEN

VÅRE UNDERTEMA DETTE BARNEHAGEÅRET

NATUREN SOM SPISKAMMERS

Naturen er full av gode råvarer til matbordet. Sjølv i det minste grøntområde i nærleiken finns det vekstar som vi kan ete og som smaker godt.

Barna skal få innsikt i maten sitt opphav, produksjon av matvarer og vegen frå jord til bord. Sirkelen startar med at vi komposterer matavfall ved hjelp av bokashi-metoden. Molda godgjer seg heile hausten før frosten kjem, og på nyåret startar vi med å så frø og vi plantar ut spirane så snart frosten er over. Vi steller, vatnar og gjødsler med kaninbæsj, før vi omsider kan nyte grøda til hausten og diskar opp med gode grønnsaker frå eigen grønssakhage.

Det er viktig å ha ei heilskapleg forståing for vekstane vi ønsker å sanke, for man skal ha kunnskap om planten og den sin plass i naturen.jement.

HAUSTMARKNAD

Gjennom sommaren og hausten sankar vi ulike vekstar som vi nyttar til sylting, safting og konservering På haustparten riggar vi til ute og inviterer familie og vener til haustmarknad. Her har vi laga oss ein kjekk tradisjon med å invitere fjorårets førskulebarn på besøk, slik at desse får sjå resultatet av det dei sjølve har sådd.

På haustmarknaden sel vi produkt som vi har laga av det vi har hausta i hagen og sankar i skogen. Vi serverer og middag av grønssaker frå hagen. Pengane går til TV-aksjonen NRK. I år er det Redd Barna som får gåva. Pengane som kjem inn vil bli nytta til å hjelpe krigsramma barn- både i Norge og andre stadar i verda. For oss er haustmarkanden eit ledd i å utvide borna sitt sosiale engasjement.

KLIMA OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine behov. Ei berekraftig utvikling byggjer på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Vi ynskjer å legge til rette ein berekraftig livsstil i barnehagen vår, og leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Gjennom årstemaet vårt, Skogen for småfolk, vil vi at barna skal få naturopplevingar og ble kjende med mangfaldet, og få erfaring med å gi omsorg og ta vare på naturen. Gjennom året skal vi og fokusere på nokre av berekraftmåla, og jobbe med dei på ulike måtar.

PSYKISK HELSE OG LIVSMEISTRING

Gode relasjonar, meistring og regulering av positive og negative kjensler er nøkkelord for god livsmeistring. Barn kan trenge hjelp til å regulere og takle kjenslene sine på ein god måte, men då er det ein føresetnad at det ligg gode relasjonar i botn. Omgivnadar med høg trivselsfaktor bidreg til robustheit og motstandskraft, som gjer barnet meir rusta til å tole livet sine opp- og nedturar.

I barnehagen får barn erfare korleis det er å møte andre med ulike behov, ønsker og meningar. Alle kan ikkje alltid få velgje først, eller alltid vinne. Om ein alltid får viljen sin, vert dette urettferdig for andre. Her er det mykje læring i at ting ikkje er rettferdig berre det gagnar ein sjølv. Barn som skal lære å meistre noko nytt, vil måtte øve og tole å mislykkast før dei lykkast. Ein kan ikkje verte verdsmeister på fyrste forsøk. Her er det viktig at barnehagen og foreldre spelar på lag og støttar kvarandre, for å hjelpe barnet mot eit felles mål, om å verte gangs menneske. Om vi skjermar barn frå ein kvar skuffelse og eit kvart nederlag og dekker over for dei, gjer vi dei berre ei bjørneteneste. Aktivitet, sunn mat og naturopplevingar er viktige grunnsteinar for ei god psykisk helse, og å opphalde seg mykje i naturen gir ofte ei indre ro, det kan redusere stress og gi.betre søvvn. Dette er viktig for å fungere godt både fysisk og psykisk.

KREATIVE UTTRYKK -KUNST I NATUREN

Vi veit av erfaring at barna i Vasset, som dei fleste andre, likar å utforske og sanse når vi er på tur og leikar i skog og mark. Vi i personalet skal leggje til rette for at dei også kan prøve ut ulike former for kunstnariske uttrykk, både i naturen og i barnehagen av innsamla materiell. Det er dei vaksne sitt ansvar å leggje til rette for møter med ulike kunst- og kulturuttrykk på ein måte som vekkar undring, nysgjerrigheit og vitelyst. Det kan vere spanande å lage mønster av ulike naturmateriale, andlet i sanden eller kanskje eit troll av ein trestubbe. Om vi tek oss tid, kan vi finne gjenkjennelege former i treføter eller i ein stein, og med litt hjelp frå store og små kan vi kanskje trylle ein trestubbe om til Lurvelegg eller lage dei tre bukkane Bruse av kongler? Naturkunst er -og skal vere- forgjengeleg og laga for augneblinken. Vi skal ta bilete og henge dei opp i barnehagen. Der kan vi nytte dei til gjenkalling og utgangspunkt for samtale med barna. Utforsking og erfaring med naturmateriale gir også gode høve til å lære ord og uttrykk for å beskrive dei ulike eigenskapane t.d. at steinen er hard og glatt og tørre blad knasar når vi trår på dei. Ved å hjelpe dei små til å sette ord på dei mange kjenslene dei erfarer med å ta på og sjå på ulike naturmateriale, får dei trene på omgrep og får eit grunnlag å bygge vidare på innan kreative uttrykk.

MoTo-LEIK

Den motorisk utviklinga til barn i førskulealder er viktig, og ein føresetnad for ei generell god utvikling. Vi har vald å bruke MoTo-leik hos oss for å sikre dette.

Mo-To-leik er eit systematisk, lokalprodusert opplegg som er i utvikla samarbeid med fysioterapeut og ergoterapeut. Målet med MoTo-leik er å fremme god fysisk og motorisk utvikling. Opplegget er organisert i eit årshjul med fokus på ulike motoriske områder, og aktivitetane blir presentert på egne aktivitetskort. Rørsleglede og meistring er stikkord i MoTo-leiken. Vi kjem til å nytte dette opplegget både inne i barnehagen og ute på leikeplassen eller på tur. Kva som er månadens Mo-To-leik fokus vil stå på månadsplanane.

TUR I SKOG OG MARK

Det å gå på tur er ein viktig del av Vasset barnehage sitt pedagogiske opplegg. For oss har tur ein eigenverdi og er den aktiviteten i barnehagen som kan dekke alle fagområda samtidig. På tur skal vi oppleve glede, samhald og meistring, og vi skal skape gode minner i lag. Her er det mange som gjer ting for fyrste gong, til dømes held ei krabbe, klatrar til topps i eit tre, vassar i fjøra, eller klappar ein hest. Vi nyttar tur til å lære og praktisere språk, og som sosial arena for å bli betre kjende med kvarandre, leike i lag og ha gode samtalar. Alle har eit behov for å bevege seg, og i ulendt terreng får vi verkeleg utfalde oss. Vi ser at det å ha større rom rundt seg, fører til eit lågare konfliktnivå. På tur får vi også brukt alle sansane våre. Det er i skogen det er enklast å lære om kva slags artar som veks og gror og til å oppleve når årstidene endrar seg. I skogen må vi ofte vere meir kreative i leiken, fordi vi ikkje har med oss leiker. Forsking viser og at å leike med jord, sand og på skogbotn har effekt på utvikling av immunforsvaret. Det og utsettast for eit mangfald av ufarlege mikrofiber når ein er liten, ser ut til å styrke immunforsvaret.

EVENTYR I NATUREN

I år skal vi ha søkelys på eventyr og musikk, med naturen som kulisse. Vi tek med kostyme, konkretar og musikk ut. Dette er med på å skape ei magisk stemning, samstundes som dei brukar fleire sansar. Når barna får nytte syn, høyrslé, lukt og taktilsans hjelper det dei til å oppfatte og forstå verda rundt seg.

Eventyra kan gi barna ein moglegheit til å leve seg inn i ei anna og spanande verd, og bidra til at barna utviklar sin eigen fantasi. Eventyr kan og vere ein god innfallsport for etisk refleksjon og undring over eksistensielle spørsmål. Sjå for deg å luske rundt i skogen medan du høyrer Dovregubbens hall, eller at du dansar rundt i ei blomstereng til Morgenstemning av Edvard Grieg. Bukkene Bruse, Gullhår, Dei tre små grisar og Pannekaka er døme på eventyr som vi kan bruke ute i naturen. Kanskje møter vi eit ekte troll på vegen? Eller ei rullande pannekake? -vi gler oss!

MUSIKK I SKOGEN

I det inneverande året skal musikken få ein større plass i tilbodet vårt. Musikk har ein eigenverdi både for kvart einskild barn og for å skape gode felles opplevingar i gruppa. Musikk og rørsle heng saman. Barn som er omgitt av mykje musikk utviklar spesielt dei auditive, motoriske og dei visuelle eigenskapane sine. Musikalitet og språklæring heng saman. Musikk hjelp oss til betre prosessering av språklydar og stemmer. Barn som får erfare og oppleve ulike musikalske inntrykk, kan ha lettare for å lære andre språk, og dei greier enklare å skilje språklydane frå kvarandre.

OPERA-EFFEKTEN beskriv korleis musikk kan støtte og stimulere språkutvikling.

O-VERLAPPING i hjerna, fordi det kan aktivere fleire delar av hjerna samtidig, slik det gjerast anatomisk i både musikk og talespråk.

P-RESISJON, på den måten at musikk har høgare krav til presisjon enn det språk har.

E-MOSJON, fordi musikk skapar kjensler og utløyser endorfinar som gjev ei kjensle av lykke.

R-EPETISJON, fordi den lagar stiar for læring i hjerna vår.

A-TENTION, fordi musikk krev merksemd

(A.D. Patel 2011)

Songstunder for alle, eller ei gruppe, der vi syng, spelar instrument, dansar og lyttar til musikk, skal vere ein av dei faste daglege momenta i barnehagedagen vår. Dette vil kunne stimulere alle dei ulike utviklingsomåda. Vi kan «ta med oss musikken ut» og lage songstunder ute, og vi kan lytte til skogen sine eigne lydar og musikk.

GRØNT FLAGG

Grønt flagg er ei miljøsertifiseringsordning retta mot barnehagar og skular. Ordninga er ein del av det internasjonale Eco-School nettverket som vert driven av Foundation for Enviromental Education (FEE). Vasset barnehage var den første barnehagen på Sunnmøre som har mottatt denne sertifiseringa og det er vi veldig stolte av. I starten av 2020 mottok vi for første gang beviset på at vi er sertifisert som «Grønt flagg-barnehage». For å behalde denne sertifiseringa må vi kvart kalenderår bestemme kva slags fokus vi skal ha innan miljøfeltet.

Det å vere ein grønt flagg-barnehage har gjort oss gradvis meir miljøbevisste. Ein av konsekvensane vi har tatt her, er at vi har tatt eit val om og ikkje legge gummimatter på uteområdet vårt.

I 2023-2024 har vi valgt å sette søkelys på naturen vi har i nærleiken, på sunt kosthold, fysisk aktivitet og friluftsliv, skog og naturområda våre. Vi har valt eit veldig bredt tema for året, for å fange opp dei ulike aktivitetane vi vil gjere i samband med årstemaet vårt. Vi skal fortsette fokuset vårt på å sakte men sikkert endre kostvanene i barnehagen i ei sunnare retning. Vi skal servere bakst frå eige kjøkken, vi skal redusere sukkerinntak (men ikkje fjerne det heilt) og utfordre smakssansane våre med nye smakar. Tur og fysisk aktivitet er alltid eit fast innslag i Vasset barnehage. Skogen gir ei fantastisk ramme for lek og læring og vi nyttar også turane våre til å sanke bær og vekstar til mat.

MATJUNGELEN

Matjungelen er ein ressursbase som set mat, helse og berekraft i samanheng. Gjennom ulike aktivitetsprogram kan barna leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden. Innhaldet er i tråd med helsedirektoratet sine kosthaldsråd, og forankra i Rammeplanen. Matjungelen Barnehage inneheld «ei verktøykasse» for personalet. I ein jungel av råd er det trygt å ha ein stad å hente tips på vegen mot å skape eit enda sunnare og meir berekraftig kosthald i barnehagen.



5 OM DAGEN ØKOLOGISK ULTRAPROSSISERT MAT
KARRAGENAN MATJUNGELEN SUKKER
VEGANSK ENERGI BALANSE GODE MATVANAR
VEGETAR SUNT KOSTHOLD E-STOFF
GRØNT FLAGG BEREKRAFT VITAMINER
MATMOT FRUKT OG GRØNT RØDT KJØTT
GROVE KORNDPRODUKT KOSTHOLDSRÅD
MINERALAR FISK KLIMAVENNLIG MAT

KANINANE VÅRE

I Vasset barnehage bur det tre løvehode-kaninar som heiter Lars Monsen, Trine og Abdo.

For at barna skal få eit nært forhold til dyra, vil vi at barna skal vere med på det daglege stellet av kaninane våre.

Forskning viser at det å ha kjæledyr som man er knyta til og tar omsorg for, har vist seg gunstig på mange område, både i høve til fysisk og psykisk helse, lågare blodtrykk og lågare stresshormonnivå i kroppen, oppleving av samhald, og meistring.

Støtte frå kjæledyr har vist seg særleg gunstig for barn som har utfordringar knyta til funksjon eller ugunstig oppvekstmiljø, der dyret kan vere både samtalepartnar og sosial støtte.

Kaninbæsjen nyttar vi som gjødsel til plantane våre.



«SKOGEN FOR SMÅFOLK» OG DEI 7 FAGOMRÅDA I BARNEHAGEN

FAGOMRÅDA OG HEILSKAPLEG LÆRING

Fagområda skal vere ein raud tråd og ein integrert del av eit årstema. Vi vil skape eit leikande og lærande fellesskap der barna får utvikle kunnskap og dugleikar innanfor alle fagområda. Arbeidet med fagområda skal vere tverrfagleg og heilskapleg. Barna si undring, utforsking og skapartrong skal stå i fokus.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

VI SKAL:

- bruke ute-biblioteka som Sula bibliotek har laga til.
- legge godt til rette for språkstimulering på tur.
- leite fram frå arkivet songar, dikt, rim og regler som omhandlar tema i naturen.
- ta med oss faktabøker ut i det fri, så vi kan lære kva dei ulike artane vi finn heiter.
- fortelje eventyr ute i skogen, i naturlege omgivnader.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

VI SKAL:

- kjenne på ekte turglede. Vi trur at gode naturopplevinga gir aktive og glade barn.
- bruke naturen som ladestasjon og grobotn for god fysisk og psykisk helse.
- bruke kroppen vår i ulike terreng.
- utfordre eigne grenser, for å få meistringsopplevingar
- bruke naturen som eit spiskammer og leite etter spiselege vekstar på tur. Her snakkar vi om kortreist mat!
- lage mat og ete på tur. Maten smakar aldri så godt som den gjer i skog og mark.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

VI SKAL:

- bli kjende med dei ulike turmåla vi har i nærmiljøet vårt.
- bruke det fantastiske området rundt oss for alt det er verd. Vi har skogen som utvida leikeplass og dette må vi utnytte.
- prøve å la det smitte over på heimane å bli glad i nærmiljøet vårt og bruke dette aktivt.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

BARNA SKAL:

- få erfaring med å gi omsorg til og ta vare på skaparverket vårt.
- nytte forteljingar som omhandlar eksistensielle, etiske og filosofiske dilemma, t. d Esops fablar.
- Nytte arbeid med FN's berekraftsmål som utgangspunkt for refleksjon

MENGD, ROM OG FORM

VI SKAL:

- bruke skogen som eit klasserom for matematikk: her kan vi vege, måle, telle, finne figurar, fasongar og ulike mønster.
- bruke matlaging som innfallsvinkel for å lære om mengd, volum og berekning.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

VI SKAL:

- plukke blomster, studere fuglar og dyr.
- bruke sansane våre: lukte, lytte og smake.
- studere korleis naturen endrar seg gjennom dei ulike årstidene.
- respektere at vi er på besøk i skogen, så vi må tilpasse oss det som lever der. Slik lærer vi både om dyrevern og naturvern.
- leike oss med digitale hjelpemidlar.
- ta bilete og lage digitale forteljingar.



KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

VI SKAL:

- lage kunst av materiale som vi finn på tur.
- ta med oss naturmateriale inn i barnehagen og sjå kva vi kan skape av desse.
- dramatisere eventyr i skogen.
- ha fellesopplevingar som stimulerer til kreativ frileik.
- la fantasien blomstre og la barna ha stor medverknad på kva vi skal foreta oss på tur.

AUGUST 2023



VELKOMMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR

Vi er framleis i feriemodus og vi treng litt tid til å finne tilbake til kvardagsrutinane våre. Litt etter litt tek vi fatt på nye og spanande prosjekt. Nokre barn har slutta og andre kjem til. Vi legg til rette for eit godt og inkluderande miljø i gruppa. Vi er allereie godt i gang med å hauste inn og nytte bær, frukt og grønsaker.



FN'S BÆREKRAFTSMÅL

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Dette året skal vi bli betre kjende med nokre av dei ulike berekraftmåla, og fokusere på kva vi kan gjere saman, og kvar for oss på veg mot ein meir berekraftig livsstil.



Månedens fokus:
Tilvenning i barnehagen

MoTo:
Valfritt tema

Lille Petter Edderkopp



Lille Petter Edderkopp
han klatret på min hatt
Så begynte det å regne
og Petter ned han datt
Så kom solen
og skinte på min hatt
Da ble det liv i Petterkopp
som klatret på min hatt




	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31		1	2	3	4	5	6
32	7	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			



Nikolai 2 år

SEPTEMBER 2023



MoTo:
Grunnleggande
aktivitet

Månedens fokus:
Hausting og
haustmarknad

2 UTRYDDE
SULT



OKTOBER 2023

BRANNVERN

Vi lager om temarommet vårt til
BRANNSTASJON
og snakkar om temaet brannvern.



MoTo:
kinetisk sans
og auge-hand trening

Månedens fokus:
Brannvern



SONG



Når det brenner, når det brenner
Hva gjør vi?, hva gjør vi?
Ringer brannstasjonen,
ringer brannstasjonen,
110, 110

**11 BÆREKRAFTIGE
BYER OG
LOKALSAMFUNN**



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
39							1
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31					



Octanvian 2 år

NOVEMBER 2023



JULEFØREBUING



Vi legg vekt på at førjulstida skal vere ei koseleg tid, som ei motvekt til julestress. I november skal vi lage julegåver, spre glede og vise omtanke for kvarandre.

MoTo:
Berøringsans

Månedens fokus:
Juleførebuing




1 UTRYDDE
FATTIGDOM



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			

DESEMBER 2023



Desember er ei magisk tid. Vi kjenner på undring, glede og forventning og skapar rom for hygge og kos i ei elles mørk og travel førjulstid. Kvar dag i desember har vi adventsamling der vi lærer om jul og norske juletradisjonar. Vi øvar på julesongar, tenn lys og trekk peparkakehjarter.

MoTo:
Adventstid
og jul



**Månedens
fokus:**
Hørselssans og
finmotorikk



**GOD JUL
TIL STORE
OG SMÅ**



SONG



Når mørket er som mørkest,
Og ingen klokke slår.
Da virker det som natten
Har vart i hundre år
Når alt er stille ute
Og solen har gått ned
Da kommer vi langs veien
I lyset vi har med

Ref:

Santa Lucia...
Santa Lucia...
Når natten er sort
Så tenner vi lys
og drar mørket bort

Når alle stjerner lyser
Og himmelen er sort
Og ingen kan bli vant til
At dagen går så fort
Da kommer vi og synger
Med glad og vennlig røst
Et lys er tent i natten
Og gir deg håp og trøst

JANUAR 2024



SONG

Jeg snører min sekk, jeg spenner mine ski,
nå lyser det så fagert i heien.
Fra ovnskroken vekk -så glad og så fri
Mot store, hvite skogen tar jeg veien.

I fykende fei jeg baner meg en vei
blant vinterkledde stubber og steiner.
Den susende vind meg stryker om kinn,
og snøen drysser ned fra lave greiner.

De vinger på fot gir liv og lyst og mot!
Nå stevner jeg mot høyeste tinden!
Alt tungt og alt trått, alt smålig og grått,
det stryker og det fyker vekk med vinden.

Og når jeg så opp, og skuer jeg fra topp
den lyse dal med skoglier blandet
da banker mitt bryst, jeg jubler med lyst
"Jeg elsker, å, jeg elsker dette landet!"



MoTo:
Balansesans



Månedens fokus:
Vinterleik og
bokprosjekt

4 GOD
UTDANNING



BOKPROSJEKT

Vi inviterer foreldre til å vere med på eit artig prosjekt med fokus på bøker og lesing.



FEBRUAR 2024

K A R N E V A L



MoTo:
Koordinasjon

Månedens fokus:
Karneval og samenes dag

LEGENDEN OM SOLA

I gamle dager trodde samane at det var en diger bjørn som bar sola med seg fra øst til vest hver dag.

Ettersom bjørnen ligger i hi om vinteren, kunne den ikke få gjort det da, og dermed ble det mørketid.

(fra lokal rammeplan for Vadsø kommunale barnehager.)



SAMEFOLKET SIN DAG

Vi markerer samane sin nasjonaldag den 6. februar.

Vi blir kjend med samisk kultur og tradisjonar på førehand.

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5				1	2	3	4
6	5	6	7	8	9	10	11
7	12	13	14	15	16	17	18
8	19	20	21	22	23	24	25
9	26	27	28	29			



Eddie 6 år

MARS 2024




MoTo:
Stabilitet og balanse



Månedens fokus:
Påske

**6 RENT VANN OG GODE
SANITÆRFORHOLD**



En liten kylling i egget lå

En liten kylling i egget lå.
Den banket og banket og banket på.
Her er så trangt jeg vil ut å gå pep den
og ynket seg der den lå.
Hakk hakke hakk. Egget det sprakk
og et lite hode ut av det stakk.

Undrende sto den og kikket på.
Alt det den ute i verden så.
Solen som lyste og skinte på,
marken og engen og blomster små.
Pip, pip den sa; Jeg er så glad.
Trangt det var i egget, men nå er det bra.



God påske



alle saman!

APRIL 2024



MoTo:
Kaste- og
sparkeaktivitet

**Månedens
fokus:**
Våren og
«livet på land»



15 LIVET PÅ
LAND



MAI 2024



MoTo:
Hoppeaktivitet



Mai er tida for
planting og spiring.
Vi undrar oss over
endringane i naturen.
Vi lærer om 17. mai
og syng vårsongar.



HURRAROP


FOR VASSET BARNEHAGE:

«Vasset barnehage,
det er vi!
Vi synger og leiker
og er alltid blid!
Hurra, hurra ,hurra!!!!



JA, VI ELSKER DETTE LANDET

Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet
med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker
drømmer på vår jord.



JUNI 2024




MoTo:
Uteaktivitet



Månedens fokus:
Sirkusveke og avslutning




14 LIVET I
HAVET



VI ØNSKER
FØRSKULEBARNA
VÅRE LYKKE TIL
PÅ SKULEN!

JULI 2024



FERIETID OG KOS
GOD SOMMAR TIL STORE OG SMÅ!

MoTo:
Valfritt tema



SOMMAR I BARNEHAGEN

Når det er sommar i barnehagen leiker vi ute så mykje som mogleg og då treng vi ikkje å ha alt for mange planlagde aktivitetar. Vi vil legge planar ut i frå vêr og vind og kva «dagsforma» vår tilseier den dagen.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27	1	2	3	4	5	6	7
28	8	9	10	11	12	13	14
29	15	16	17	18	19	20	21
30	22	23	24	25	26	27	28
31	29	30	31				

**TUSEN TAKK
FOR 1 ÅR
FRA ALLE OSS
I VASSET BARNEHAGE**